



Inderøy kommune

7670 Inderøy

Møteinnkalling

Utvalg: Planutvalget
Møtested: Inderøyheimen, møterom: 3. etg.
Dato: 26.01.2009
Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 74124210. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Anita Axelsson *AS*
Leder

Solveig Kirknes
Solveig Kirknes
sekretær

Sakliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Untatt off.
	Saker til behandling	
PS 1/09	Planbehandling 2009	



Inderøy kommune

Arkivsak. Nr.:
2008/1241-1
Saksbehandler:
Kristin Volden

Saksframlegg

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato	Type avgjørelse
Planutvalget	1/09	26.01.2009	Vedtak

Planbehandling 2009

Rådmannens forslag til vedtak

Planutvalet vedtar forslag til planbehandling 2009 med følgende prioritering:

Oversiktsplan:

Slutføring av kommunedelplan Røra.

Detaljplanar:

1. Sluttbehandling av reguleringsplanen for Straumen sentrum/Næss.
2. Reguleringsplan for Lillesund
3. Slutføring av reguleringsplanen Letneslandet
4. Reguleringsplan for Venna øvre
5. Reguleringsplanen for Kjerkesvågen.

Henvisning:

- 1 S Planbehandling 2008,
sak 0001/08

Bakgrunn:

I 2008 har oversiktsplan vore nedprioritert på grunn av lite bemanning på plansida. Arbeidet med kommunedelplan Røra starta opp att hausten 2008 med revidering av planprogrammet. Når det gjeld detaljplanar, har kommunen også hatt liten kapasitet på grunn av bemanning.

Det er arbeid med reguleringsplanen for Straumen/Næss.
Reguleringsplanen for Jætåsen er revidert og sluttgodkjent i 2008.
Av private reguleringsplanar er bebyggelseplan for hytteområdet på Vikan/Hembre, og bebyggelseplan for gang/sykkelveg på Årfall ferdigbehandla.

Vurdering

Det er vedteke ny planlov som skal gjelda frå 01.07.09. Dette kan ha innverknad på planarbeidet neste år, men mest truleg vil planprosessar som er sett i gang bli behandla etter gjeldande lovverk.

Inderøy kommune har også fått ny organisering på plass med tilsette i ledige stillingar noko som skal letta arbeidet med å gjennomføra oppsett planprogram.

I arealplanlegging skil vi mellom oversiktsplanlegging og detaljplanlegging:

Oversiktsplanlegging:

Arbeidet i 2009 vil vera å gjennomføra planprosessen med kommunedelplan Røra med sluttgodkjenning i juni 2009.

Når det gjeld revidering av reguleringsplanen for Røra stasjon og området Hylla, vil dette inngå i kommunedelplan Røra med detaljkart og bestemningar.

Detaljplanar:

Planprosessen på Næssjordet er tidkrevjande, og det har blitt brukt ein del tid til detaljprosjektering i 2008. Denne planen vil ha førsteprioritet på planprogrammet med sluttgodkjenning våren 2009.

Inderøy kommune har fått privat innspel på bustadbygging i Lillesund, og planutvalet har vedteke at kommunen skal utarbeida ein samla reguleringsplan for Lillesund.

Det bør også arbeidast med ein reguleringsplan for Venna øvre, for å få til ein god flyt for trafikkantar og parkering etter at brakka og Karius og Baktus blir fjerna.

For reguleringsplanar blir det foreslått følgjande prioritering:

1. Sluttbehandling av reguleringsplan for Straumen sentrum
2. Reguleringsplan for Lillesund
3. Slutføring av reguleringsplanen for Letneslandet
4. Reguleringsplanen for Venna øvre
5. Reguleringsplanen for Kjerkesvågen

I tillegg kan det koma inn ein del private reguleringsplanar som kommunen er pålagt å behandla etter gitte fristar.

Konklusjon

På oversiktsplan blir kommunedelplan Røra prioritert for 2009.

Når det gjeld detaljplanlegging, blir dette etter oppsett prioritering.